

MARKEN

Lokalavisa for Ottadalen!

HONGESTØR
OTTADALEN

RATTKJELKE
ESPEGARD

kr 1790,-

www.ottadalen.norgesfor.no
Avd. Lom 61 21 18 20 Avd. Vågå 61 23 70 72

Torsdag 4. februar 2010

Nr. 5 -22. årgang

Laussal kr. 20,-

Vil fylle «snikkeriet»

Nordst i Skjåk, går inn som leigetakar i delar av Skjåk Møbelindustri sine lokale. Dagleg leiar Torkjel Solbakken i Lom Møbelindustri, Nils Henry og Ellinor Fosstuen og Remi Aamodt i Nordst er tilfredse med leigeavtala, og ynskjer å skape ein aktiv næringspark i den eldste delen av «snikkeriet».

Side 4/5

SOLSIKKEFRØ
25kg

SKJAKKIPRIS

290,-

+ 20% på alle fuglematere

Elkbutikken
Levende opplagt av dët

2690 Skjåk • Tlf 612 13490

BRANNSIKRING

vi har stort utvalg i brannvarslings- og brannslukingsutstyr.

Vi kan hjelpe deg med montering

elkonor

Proel

Autorisert el-installatør
2680 Vågå • Telefon: 61 23 24 40
Faks: 61 23 24 41 • www.proel.no



Foto: Hans Erik Kjosbakken

NYHET!

Nå har vi lørdagsåpent!

Fra kl 9.00 til 15.00 både på verkstedet, delilageret og salgsavdelingen. Ring og bestill time.

Vi reparerer og tar servise på alle bilmerker.

www.iverbil.no tlf 977 14 144

IVER BIL tlf 61 23 56 00
Otta

DIN LOKALE AVFALLSAKTØR

Leier ut rimelige containere og henter avfall!

Ring: Geir 951 96 020 eller Terje 905 40 235

TGG TENDEN CONTAINER OG GJENVINNING AS

— Moen og —
Kubestuen AS

coop mega

Coop Mega Vågå
Coop Mega Lom

Tilbodsa gjeld torsdag 4.2 - lørdag 6.2

3% Apparatpris

litt dikk

Oppvasktabletter Finish

Pr pk



Pærer

Pr kg

Nyhet: Kvikklynsj Plate

200 gr, pr stk



coop
Ottadalen BA

... møtet om framtida til skuledeien på Tessand opp-
vekstsenter førre veka. Vi ber om orsaking for dette.

... stund utvov ettertermiddagen. Ein vaksen vil vere til stades kvar gong. Dette
kjem fram i ei pressemelding.

Moe sørgjer for musikken.
Det tredje og siste «Dugurd, lyrikk og musikk» er laurdag 6. mars.

Nytt liv i «snikkeriet»

Etter at mykje av lokala til Skjåk Møbelindustri har stått ledige i fleire månader, vil Nordest skape nytt liv i industribygget.

AV HANS ERIK KJOSBAKKEN

Det er dermed ikkje sagt at Skjåk Møbelindustri ikkje lenger skal produsere møblar, dei skal framleis bruke 4 000 kvadratmeter i industribygget, og ein del av produksjonen til Lom Møbelindustri er flytta til Bismo.

Fellesskap

Nordest leiger 1 760 kvadratmeter med ledige produksjonslokale og kontor. Handverkarfirmaet som sysselset 12 personar, skal ha basa si på «snikkeriet». Remi Aamodt er prosjektleiar i firmaet, han skal ha arbeidsplassen sin der. I tillegg vil Strynefjellet Hytteutbygging leige kontor.

– Vi har mange fleire kontor ledige. Det bør vera interessant for til dømes dei som har heimekontor, men som saknar eit fellesskap, meiner Nils Henry Fosstuen, dagleg leiar i Skjåk Hedda og eigar av Nordest.

Næringspark

Han ynskjer å skape ein nærings-

park i lokala, med aktivitet av ymse slag.

– Vi har allereie mange interessentar, og her det plass til mange. Alt frå enkeltmannsforetak til litt større bedrifter. Det kan vera produksjonsbedrifter, servicebedrifter eller dei som er ute etter lagerplass, seier Fosstuen.

Kulturskulen

Delar av kulturskulen, og andre som i dag nyttar lokala i andre etasje på Skjåk Kjøpesenter, skal inn i ein del av bygget.

– Dei lokala dei brukar nå skal fungere som klasserom medan ungdomsskulen blir ombygd, fortel Remi Aamodt.

Aktivitet

Visjonen til Nordest er at dei vil skape aktivitet, eller ynskjer å legge til rette for aktivitet. Dei meiner dei kan skreddersy lokale same kven og kva som vil inn i «snikkeriet».

– Mykje er allereie oppdelt, men det er heller ikkje noko problem å seksjonere eller dele opp meir her, seier Fosstuen.

Både dagleg leiar Torkjel Solbakken i Lom Møbelindustri og Nils Henry Fosstuen er einige om at dei har funne ei løysing som syner godt næringslivssamarbeid på tvers av kommunegrensene.



Ny aktivitet: Nordest ynskjer å skape ny aktivitet i lokala til Skjåk Møbelindustri som har stått meir eller mindre tom i månadsvis. I dette lokalet skal kulturskule- og treningsaktivitetar inn. Frå venstre: Nils Henry Fosstuen, Torkjel Solbakken, Remi Aamodt og Desi og Ellinor Fosstuen.

Vil innføre varslingsplikt

Eirik Haugen ønskjer å gje kraftselskapa varslingsplikt til sosialetatar ved stenging av straum hjå kundar med betalingsvanskar. AS Eidefoss har strenge rutinar for stenging av straum.

AV ARVE DANIELSEN

Den kalde vinteren har kravd sitt første dødsoffer her til lands, noko som fekk Eirik Haugen (SP) til å etterlyse ei varslingsplikt for kraftselskapa ved stenging av straum.

Hagen tok opp saka i kommu-

straumen blir kopla ut, sa Eirik Haugen. Om det er juridisk hinder for ei slik ordning, meinte Haugen at ein bør ta opp saka med justis- og sosialministeren.

– Sjølv i vår kommune lever ein del personar isolert og utan noko stort sosialt nettverk. Derfor må vi forhindre at slike tragediar skjer. Noko må gjerast. Våren vil koma, men det vil også neste vinter, sa Eirik haugen.

Ordførar Rune Øygard hadde sendt spørsmålet vidare til direktøren i Eidefoss, Hans Kolden. Svaret frå Kolden viser at Eidefoss har strenge rutinar for stenging av straum.

– Vi stenger aldri anlegg i vinterhalvåret frå 1. november til 1. april. Lenitt er der 10-15 anlegg



Eirik Haugen etterlyser ei varslingsplikt for kraftselskapa ved stenging av straum under streng kulde. Eidefoss har strenge rutinar for stenging av

Konsesjon til Kvaale

Administrasjonssjefen gjekk imot å gjeva Ane Kvaale konsesjon på erverv av Kvaale gard. Formannskapet trossar byråkratiet, og meiner at heilskapen og måten Kvaale i dag blir driven er avgjerande. Det var Senterpartiet som kasta fram forslaget som resten av formannskapet slutta seg til.

– Søknaden om konsesjon blir imøtekomen med vilkår slik det går fram av søknaden. (Jorda er borleigd, husa er bortleigd til

Endre Skjåk som bur på garden og driv med ymse kulturaktivitetar, journ. merk.) Det at busetting er løyst ved etablert leigeavtale med forutsetningane for denne, og langsiktige leigeavtaler som sikrar omsynet til driveplikt og god ressursforvaltning av garden, er særleg lagt vekt på. Det er eit vilkår for konsesjon at eigedomen blir nytta som heilårsbustad i den tida søkjar eig den, heiter det i vedtaket.

Det vart i debatten nemnt

Andvord som eit liknande døme, og at eit ja til konsesjon vil imøtekomma mange samfunnsinteresser.

– Det er særleg tre ting som er viktige for oss, sa Mai Bakken (Bl). At jorda blir halden i hevd, at det bur folk på garden og at husa blir haldne i hevd. Det er ei artig og viktig drift på garden, sa ho.

– Det som skjer der er nyskapande, vi støttar òg forslaget frå Senterpartiet, sa Anne-Lise Marstein (Ap).

Tilbudene gjelder tom. 6. februar 2010

KYLLINGFILET
1100 g, ferskvare
DEN STOLTE HANE
PR. KG. 99,91

BUFFALO WINGS
1500 g, grillert
DEN STOLTE HANE
PR. KG. 33,27

POTETER
Løsvekt
Norske
BAMA
2,90

KJØTTDEIG
750 g, ferskvare
GILDE
Pr. kg. 66,54

VH
STORT
utvalg i garn og mønster
Ellers mye nytt for våren!

VÅGÅ kler & utstyr
BARN - DAME - HERRE
EURO SKO
Vågå Handelshus • tlf 61237044

Swift
Ring 997 56 492
for prøvekjøring/tilbud
Kvam Mek. Verksted As
KVAM tlf 61 29 48 40
LOM tlf 61 21 12 81
www.kvammek.no

Kjøp
Velk...
Killi Bilcenter
Lillehammer
Industrigrata 24, Tlf. 61 27 98
Otta: Skansen 4 A, Tlf. 61 23 62
killi@killi.no www.killi.no

Feriespe
Din samarbeidspartner
Gudbrand
Be om årets t...
www.feriespesialisten.com - email...
Tlf. (+47) 61 29 26 55, Fax...